

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 12. november 2020 13:02
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 40/2020, 12. NOVEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 40/2020, 12. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA (1) FØLG MED KORONAINFORMASJONEN: LÅG SMITTE I VOLDA

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona. Siste status frå Volda kommune er at det ikkje har vorte påvist nye smittetilfelle sidan 4. november og det er ikkje innført lokale tiltak fordi det ikkje er stort smittetrykk i Volda.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

KORONA (2) 100.000 I AUKA SMS-KOSTNADER

Studentar får tekstmeldingar frå høgskulen når det vert gjort vesentlege endringar i studiet, som til dømes endra eksamensform. Vanlegvis har rekninga for slike tekstmeldingar vore på ca kr 5.000 i året, men så langt i 2020 har høgskulen brukt over kr 110.000 på tekstmeldingar til studentar, og det er naturlegvis endringar på grunn av korona som har før til dette.

TILSLAG PÅ FORSKINGSRÅDSØKNAD: LIKESTILLINGS-MILLION TIL HØGSKULEN

Høgskulen har fått 1 million kroner frå Noregs Forskingsråd for å delta i «Nettverksstøtte til å fremme kjønnsbalanse i norsk forskning». Prosjektet skal gå over 2 år, og startar 1.januar 2021. Hovudmålet med deltakinga i prosjektet er å doble talet på kvinnelege tilsette med toppkompetanse og å få fram fleire kvinnelege forskingsleiarar. I tillegg til deltaking i det nasjonale nettverket, vil det blir oppretta eit lokalt nettverk som skal arbeide med strategiske tiltak for å støtte arbeidet med å fremme kjønnsbalanse ved HVO. Prosjektleiar blir [forskingssjef Henriette Hafsaas](#), og leiar av det lokale nettverket vert [forskringsrådgjevar Hildegunn Hovde](#).

[Les meir om utlysinga på nettsidene til Forskingsrådet.](#)

VÅREN 2021: HUSK UNDERVISNINGSSOPPTAKET

Aktuelle studentar har fått informasjon om undervisningsopptaket våren 2021. Fristen er 10.-16. november. [Meir informasjon om dette er på nettsidene våre.](#)

INNSPURT I STUDIEBAROMETERET: AVDELING FOR KULTURFAG HAR FLEST SVAR

Torsdag 12. november var det ca 60 prosent av voldastudentane som hadde svara heilt eller delvis på spørsmåla i Studiebarometeret. Det var nærare 20 prosent over landsgjennomsnittet for studentar på alle høgskular og universitet. Internt på Høgskulen i Volda var svarprosenten var klart høgast på Avdeling for kulturfag med ca 80 prosent svar. Frist for å svare på Studiebarometeret er fredag 13. november, men det er muleg også å sende inn svar i helga. [Her er status for dei einskilde programma på Høgskulen i Volda.](#) Som tidlegare år vil [høgskulen premiere klasser med høg svarprosent](#)

FJORDKONFERANSEN: DIGITAL FJORDKONFERANSE TORSDAG 12. NOVEMBER

Fjordkonferansen 2020 blir arrangert som digital konferanse på grunn av den nasjonale smittesituasjonen. Høgskulen på Vestlandet er arrangør av konferansen i år. På konferansen skal det også delast ut pris for beste bidrag, men det blir utsett til neste konferanse i 2021. I 2021 blir konferansen arrangert av Høgskolen i Molde - i Molde.

Les meir på [nettsidene til Fjordkonferansen.](#)

ERIK FOOLADI: SNAKK MED BARN OM MATEN: OG BROKKOLI-TIPS

Førsteamanuensis Erik Fooladi ved Høgskulen i Volda seier det er viktig at foreldre snakkar med barn om mat på ein god måte - både for å gje dei eit rikare språk og gi dei større glede av mat resten av livet. Og har også konkrete tips til brokkoli-skeptiske barn. [Les meir på nettsidene våre](#).

MANGE REGIONALE FORSKINGSSAMARBEID I GANG - OG PÅ GANG

Høgskulen i Volda har fleire lovande samarbeid på gang med andre forskingsinstitusjonar i Møre og Romsdal. Det har vore møte om prosjektsamarbeid og andre former for samarbeid med Runde Miljøsentar ([Jan Håkon Vikane](#), AHL), det er i arbeid ein søknad på den planlagde digitale helseplattformen ([Roar Stokken](#), ASH) og søknader på området berekraftige forretningsmodellar ([Kristian Fuglseth](#), AMF). I tillegg har vi hatt møte med Romsdalsmuseet, ein stor delegasjon frå høgskulen skal møte representantar for næringshagar og inkubatorar i Møre og Romsdal i Ørsta 17.11. og i slutten av november vil Forskingsutvalet på høgskulen få besøk frå representantar frå fylkeskommunen i samband med arbeid med "Berekraftfylket Møre og Romsdal". Rektor Johann Roppen sit i styringsgruppa for ny Forskings- og innovasjonsstrategi for Møre og Romsdal. Dette kjem i tillegg til fleire forskingsprosjekt som alt er i arbeid i lag med regionale aktørar på området digital planlegging ([Bjarte Folkestad](#), ASH) og [SUSTRANS-prosjektet](#) ([Nathalie Homlong](#), ASH).

FRIST FOR PRIS: "KVALITET I UTDANNINGA": FREDAG 13. NOVEMBER

HVO sin [pris for kvalitet i utdanninga](#) er ein årleg pris som er oppretta for gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein markert innsats i arbeidet for å utvikle den samla utdanningskvaliteten innan eit fagområde, studium eller eit emne ved Høgskulen i Volda. Frist for å kome med kandidatar til prisen er fredag 13. november.

INTERNASJONAL VEKE OG INTERNASJONAL DAG I FEBRUAR 2021

Det årvisse arrangementet Internasjonal veke og internasjonal dag blir i 2021 arrangert digitalt. Internasjonal veke vert veke 6, som startar måndag 8. februar 2021. Internasjonal dag blir onsdag 10. februar.

DÅRLEG FORSØK PÅ INTERNETT-LURERI: AVSLØRT AV BOKMÅL

Høgskulerektor Johann Roppen har vorte brukt som agn i internettsvindel. Mange tilsette på Høgskulen i Volda fekk torsdag morgon e-post frå ein gmail-adresse med formatet "johann.roppen.hivolda" ... med oppmodinga: "Gi meg beskjed når du er tilgjengelig. Det er noe jeg trenger at du gjør. Jeg skal inn i et møte nå med begrensede telefonsamtaler, så bare svar på e-posten min". - Det minste ein bør kreve av seriøse Internett-svindlarar er at dei skriv på nynorsk om dei skal late som dei er meg! seier rektor Johann Roppen til eige nyhendebrev. Og kva var målet med svindelen? Å få hjelpsame tilsette til å kjøpe Itunes-kort.

JOGGESKO OG SHAMPO I FARESONA: GAMLE GARDEROBESKAP BLIR KASTA

Det har kome nye garderober i garderobene i kjellaren på Berte Kanutte-huset. I dei gamle skapa ligg det eit par joggesko og noko shampo som no er i faresona og blir kasta om dei ikkje blir henta innan fredag.

ELI RØYS HAR FÅTT OPPRYKK TIL FØRSTELEKTOR

[Eli Røys](#), ASH, har fått opprykk frå høgskulelektor til førstelektor i sosialfag.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) NEPLE I "SAKPROSA"

[Førsteamanuensis Anemari Neple](#), AHL, har saman med Synnøve Skarsbø Lindtner, UiB, publisert artikkelen "[Jeg er trett – trett – trett! Alle kvinners blad og kritikken av «husmorparadiset» på 1950-tallet](#)" i tidsskriftet Sakprosa nr. 3/2020.

PUBLISERINGAR (3): SÆTHER OG LILLEBØ HAR PUBLISERT PÅ FORLAGET PALGRAVE MACMILLAN

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, har saman med [Thomas John Hastings](#), Princeton, redigert boka " [The Grace of Being Fallible in Philosophy, Theology, and Religion](#)" som har vorte gitt ut på forlaget Palgrave Macmillan. Sæther og Hastings har saman skrive det innleiande førstekapitlet i boka: "A Fallibilist Approach in the Age of COVID-19 and Climate Change". Sæther har også skrive eit eige kapittel: "The Many Faces of Fallibilism: Exploring Fallibilism in Science, Philosophy, and Theology". [Førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø](#), AHL, har også skrive eitt kapittel i boka og det har tittelen: "Fallibilism, Problematization, and the History of Thought". Dei ni kapitla i boka er skrivne av forfattar frå USA, Asia og Europa, og frå kjende institusjonar som Princeton, Yale og Fuller.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020-2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen (digital konferanse)

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling næringshagar og inkubatorar i Møre og Romsdal, Hotell Ivar Aasen

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

8.-12.2.2020: Internasjonal veke

18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH

6 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er pr i dag 6 ledige stillingar ved Høgskulen i Volda: Rådgivar i studieadministrasjonen (opptak og studiekvalitet) og faglege stillingar innanfor planlegging og leiing, sosialfag, biologi og matematikk. Søknadsfristen på stillingane er frå 16.11.2020 til 4.12.2020. Les meir om stillingane på nettsidene våre.

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

12.11.2020: [Unødvendig og for strengt regelverk for avsetningar](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no



